Bjelkelaget mellom 1. etasje og loft er etterisolert med kryssisolering, noko som bidreg til å betre byggets energieffektivitet. På befaringsdagen vart det ikkje registrert feil eller manglar knytt til loftet.

Merknader:

6. Balkonger, verandaer og lignende**TG 2** 6.1 Balkonger, verandaer og lignende

Balkongen mot nordvest er på ca. 7,5 m² med utgang frå soverom. Konstruksjonen er utført med bjelkar som stikk ut frå bygningskroppen utan understøtte av dragar eller søyler. Denne løysinga gjev ein potensiell risiko for fuktinnntrenging i overgangane mellom bjelkar og yttervegg dersom tettinga ikkje er utført tilfredsstillande eller vert svekka over tid. For å redusere risikoen er det viktig med godt tettesjikt og regelmessig vedlikehald av overflata.

Balkongen mot sørvest er på ca. 19,2 m² med utgang frå stova. Konstruksjonen har betongdekke under med bjelkelag og terrassebord som dekke. Som tettesjikt er det lagt Til-Tak-plater mellom bjelkane. Rekvirent opplyser om mindre drypplekkasjar ned i underliggende bod ved mykje nedbør, truleg på grunn av uheldige fallforhold eller utette overgangar på platene.

Merknader:

7. Våtrom**7.1 Bad 1. etasje****TG 1** 7.1.1 Overflate veggger og himling

Veggar er kledd med fliser, medan himling er utført med malte plater. Overflatene framstår i god stand sett opp mot alder og bruk, og det vart ikkje registrert feil eller manglar på synfaringsdagen.

Merknader:

TG 1 7.1.2 Overflate gulv

Golv er belagt med fliser. Overflata framstår i god stand sett opp mot alder og bruk, og det vart ikkje registrert synlege feil eller manglar på befaringsdagen. Golvet vurderast som funksjonelt og utan teikn til slitasje eller skade utover normal bruk. Fall på golv er tilfredsstillande.

Merknader:

TG 1 7.1.3 Membran, tettesjiktet og sluk

Golv er belagt med fliser med underliggende membran. For å kontrollere membranen fullt ut måtte det vore gjennomført destruktive undersøkingar, noko som ikkje vert gjort ved tilstandsrapport på dette nivået. Det er å rekne med at membranen er lagt i samsvar med gjeldande produktbeskrivingar og byggjeskikk på oppføringstidspunktet. I kjellaren under badet var det tilgang for kontroll rundt sluk. Det vart ikkje registrert forhøga fuktverdiar på synfaringsdagen. Basert på tilgjengelege observasjonar framstår membran og tettesjikt som i normal stand.

Merknader:

7.2 Bad underetasje**TG 2** 7.2.1 Overflate veggger og himling

Veggar er kledd med fliser, medan himling er utført med malte plater. Det er registrert enkelte sprekkar i fugene på flisene, samt bom i nokre fliser. Bom inneber at det har oppstått hulrom mellom flis og underlag, noko som kan gi redusert stabilitet. Per dags dato er det ikkje observert sprekkar i sjølv flisene, men hulrom aukar risikoen for at slike kan oppstå ved belastning eller vidare bevegingar i konstruksjonen.

Merknader:

TG 2 7.2.2 Overflate gulv

Golv er belagt med fliser. Det er registrert enkelte ujamnheiter i flisene, med høgdeforskjellar som kan gi mindre «snublekantar». Fugene har nokre sprekkar, og det er registrert bom i fleire fliser. Bom tyder på at det har oppstått hulrom mellom flis og underlag, noko som svekkjer stabiliteten og aukar risikoien for at flisene kan slå sprekker ved belastning. På befaringsdagen vart det ikkje observert sprekkar i sjølve flisene.

Fallforholda på golvet er ikkje tilfredsstillande. Golvet er i stor grad tilnærma flatt, med berre noko fall i dusjona. Målingar viser om lag 10 mm høgdeforskjell frå terskel til sluk, noko som ikkje er i samsvar med dagens krav. Det er heller ikkje etablert oppkant på membran ved terskel. I dusjona er det registrert ein kant som hindrar lekkasjefatn frå til dømes vask å renne direkte mot sluk, noko som ytterlegare reduserer funksjonen til golvet.

Merknader:**TG 2** 7.2.3 Membran, tettesjiktet og sluk

Golv er belagt med fliser med underliggende membran som er opplyst å vere frå perioden 2008–2010. På grunn av manglande dokumentasjon og ukjent oppbygging/utføring av membranen er det sett TG2. I samband med rehabiliteringa vart det vidare nyttet eit eldre sluk av støypejern. Ved synfaring vart det registrert rustflekkar i sluket, noko som indikerer alder og slitasje.

Det er gjennomført hullboring frå tilstøytande rom, og fuktmalinger er utført. Det vart ikkje registrert fukt på synfaringssdagen.

Merknader:**7.3 Vaskerom****TG 1** 7.3.1 Overflate vegg og himling

Vaskerommet har betongvegger og malte plater i himling. Veggane vart pussa og påført ny maling i 2025, og framstår i god stand på befaringsdagen. Overflatene vurderast som funksjonelle og utan registrerte feil eller manglar, med normal slitasje i samsvar med alder og bruk.

Merknader:**TG 1** 7.3.2 Overflate gulv

Golv er flytestøpt og behandla med 3-stjernes golvmaling. Overflata framstår i god stand på befaringsdagen, utan registrerte feil eller manglar. Løysinga vurderast som funksjonell og i tråd med det ein kan forvente for denne typen konstruksjon og behandling.

Merknader:**TG 2** 7.3.3 Membran, tettesjiktet og sluk

Det er ikkje etablert membran på golvet. Maling på betong kan til ein viss grad fungere som eit beskyttande sjikt, men gir ikkje same sikkerheit som ei godkjend membranløysing. Golvet er nystøypd og påført ny maling i 2025, noko som gir ei forbetra overflate, men det er framleis ikkje å rekne som eit fullverdig tettesjikt. Sluket er av eldre type i støypejern, noko som inneber avgrensa restlevetid.

Hullboring frå tilstøytande rom er ikkje gjennomført, då vaskerommet er omkransa av betongveggar og det ikkje er mogleg å utføre slike undersøkingar.

Merknader:

8. Kjøkken**8.1 Kjøkken 1. etasje****TG 1** 8.1 Kjøkken 1. etasje

Kjøkkeninnreiinga har slette frontar i kvit utføring, med over-, under- og høgskap. Benkeplata er i laminat, og det er montert dobbel vask med eittgreps blandebatteri. Over benk er det lagt fliser som fungerer som beskyttande og lettstelt overflate.

Kvitevarene består av frittståande kjøleskap, oppvaskmaskin, koketopp, steikeomn, microbølgeomn og ventilator over koketopp med avtrekk direkte til friluft. Kvitevarer er ikkje funksjonstesta.

På synfaringsdagen vart det ikkje registrert feil eller manglar utover normal bruksslitasje. Kjøkkenet vurderast til å vere i funksjonell stand i samsvar med alder og bruk.

Merknader:**8.2 Kjøkken underetasje****TG 1** 8.2 Kjøkken underetasje

Kjøkkeninnreiinga har slette frontar i kvit utføring, med over-, under- og høgskap. Benkeplata er i laminat, og det er montert dobbel vask med eittgreps blandebatteri. Over benk er det lagt fliser som fungerer som beskyttande og lettstelt overflate.

Kvitevarene består av frittståande kjøleskap, oppvaskmaskin, koketopp, steikeomn, microbølgeomn og ventilator over koketopp med avtrekk direkte til friluft. Kvitevarer er ikkje funksjonstesta.

På synfaringsdagen vart det ikkje registrert feil eller manglar utover normal bruksslitasje. Kjøkkenet vurderast til å vere i funksjonell stand i samsvar med alder og bruk.

Merknader:**9. Rom under terregn****9.1 Rom under terregn****TG 2** 9.1.1 Veggens og himlingens overflater

Vegg mot terregn er oppført i betong. På synfaringsdagen vart det ikkje registrert synlege feil eller manglar. Tilstandsgaden er sett med bakgrunn i alder på dreneringa. Over tid vil dreneringssystem normalt svekkast grunna tilførsel av finmassar i massane rundt, eller som følgje av slitasje og svekking av produkt som drensrør og grunnmursplast.

Rekvirent opplyser at det vart gjennomført målingar i 2019, som viste teikn til muggsopp i hybel. Som tiltak vart det montert miniventilasjon i 2022, og revkirent opplyser at inneklimaet vart merkbart betre etter dette. Jamnleg måling syner at det er ok luftfuktigkeit i kjellaren.

Merknader:**TG 2** 9.1.2 Gulvets overflate

Golv mot grunn er truleg oppbygd med betongplate, etterfølgd av isopor som isolasjon, sponplater, varmefolie, plast og laminat. I bakkjellaren under 1. etasje er det registrert betonggolv, medan hybelen har laminat- og parkettgolv. Det vart ikkje registrert synlege skadar på befaringsdagen, og overflatene framstår i normal stand sett opp mot alder og bruk.

Tilstandsgaden er sett med bakgrunn i alder på dreneringa rundt bygningen. Dreneringssystem har avgrensar levetid og vil normalt svekkast over tid, anten på grunn av tilførsel av finmassar eller svekking av produkt som drensrør og grunnmursplast.

Merknader:

TG 2

9.1.3 Fukt måling og ventilasjon

Veggar mot terreng er i betong. Det er ikkje gjennomført hullboring grunna veggar er oppført i betong, men det vart utført visuell kontroll som gav god oversikt. Det vart ikkje registrert avvik på synfaringsdagen. Tilstandsgrad er sett med bakgrunn i alder på dreneringa, som over tid vil svekkast og auke risikoene for fuktinnnrenging. Dreneringa bør oppgraderast før ein eventuell innreining av rom under terreng med isolasjon og kledde veggar.

Det er registrert friskluftventilar i kjellarrom for ventilering, og i hybelen er det montert miniventilasjon som bidreg til betre utskifting av luft. For at ventilasjonen skal fungere optimalt er det viktig med god luftgjennomstrauming mellom romma. Ventilasjonsløysinga er ikkje bygd opp etter dagens standard, og ei oppgradering bør vurderast dersom rom i bakkjellar vert innreidde til varig opphold.

Underteikna tek etterhald om skjulte feil og manglar i rom under terreng, då dette ikkje kan kontrollerast utan destruktive undersøkingar.

Merknader:

10. VVS

TG 2 10.1 WC og innvendige vann- og avløpsrør

Vannrøyr i bustaden er skifta ut til røyr-i-røyr-system, medan avløpsleidningar internt er av plast. Avløpsleidning ut frå bustaden til det kommunale nettet er av eldre type i støypejern, og vannleidning ut er av kopar. Heimelshavar opplyser at det tidvis har vore problem med tett avløp frå toalett og kjøkken i hybel. Kamerainspeksjon har vist begynnande skadar på støypejernsrøyr, og røyrleggjar har vurdert at utbetring ikkje hastar akutt, men bør gjennomførast innan rimeleg tid.

Frå hovudstammen på vaskerom er det etablert to separate stammar; éi til 1. etasje og éi til hybel i underetasjen. Vaskerom har sluk i golv som fungerer som lekkasjesikring. Nokre installasjonar har tilførsel frå hovudstamme før innvendig stoppekran, noko som betyr at dei er av eldre dato og må stengast via utvendig stoppekran. Sjå eigenerklæring frå heimelshavar for meir informasjon. Hovudstoppekran er lokalisert på vaskerom og vart funksjonstesta utan avvik.

Mykje av anlegget er skjult, noko som gjev avgrensa kontrollmoglegheit. Vannlåsar under vask på bad og kjøkken er kontrollert utan lekkasje. Det er montert ny vask på soverom i underetasjen (hovuddel). Anlegget framstår i normal stand sett i forhold til alder, men med behov for jamnleg vedlikehald og noko oppgradering over tid. Plastmateriale i røyr og koplingar kan bevege seg ved temperaturendringar, noko som kan medføre lekkasjar dersom koplingane ikkje blir etterskrua.

Merknader:

TG 1 10.2 Varmtvannsbereder

På vaskerommet er det plassert to varmtvassberedalar av typen Høiax produsert i 2012. Den eine har kapasitet på 120 liter med effekt på 1,95 kW, medan den andre har kapasitet på 200 liter med same effekt.

Det vart ikkje registrert feil eller manglar ved beredarane på synfaringsdagen. Anlegget framstår i normal stand sett opp mot alder og bruk.

Merknader:

Ingen 10.3 Vannbåren varme

Bygningsdelen eksisterer ikke.

Merknader:

Ingen 10.4 Varmesentraler

Bygningsdelen eksisterer ikke.

Merknader:

TG 1 | 10.5 Ventilasjon

Bustaden har kjøkkenventilator i både 1. etasje og hybel, begge med avtrekk direkte til friluft. På bad er det montert mekanisk avtrekk, medan hybelen i tillegg er utstyrt med miniventilasjon. Elles er ventilasjonen basert på naturleg tilførsel gjennom veggventilar og spalteventilar i vindauge.

Løysinga fungerar i praksis, men er enklare enn dagens anbefalte system. Den eksisterande ventilasjonen kan fungera tilfredsstillande med dagens bruksmönster, men eventuelle endringar i bruken av huset, som auka personbelastning eller endra romfunksjonar, kan medføre behov for forsterka ventilasjon for å oppretthalde eit sunt inneklima og hindre fuktproblematikk. Ved ei eventuell forbetring av vindetting i vindauge, ytterveggar eller tak, må det òg takast omsyn til at bustaden då ikkje vil ha same grad av naturleg ventilering.

Ventilar og luftutveksling vurderast likevel å vere tilstrekkeleg sett opp mot dagens bruk av bustaden. For å sikre god funksjon i rom med mekanisk avtrekk, må det i tillegg vere moglegheit for overstrømming av luft mellom rom, til dømes ved å ha ei spalte mellom dørblad og terskel eller ved montering av ventil.

Merknader:**11. Elektrisk anlegg og samsvarserklæring**

11.1 Elektrisk anlegg og samsvarserklæring

Når det gjelder resultater fra det lokale el-tilsynet: Se eventuelt eiers egenerklæringsskjema.

Det elektriske anlegget ble installert i Byggeår

Det elektriske anlegget ble totalrehabilitert i 2013-2021

I følge eier/oppdragsgiver har det ikke vært brann, branntilløp eller varmgang i anlegget. Se eventuelt egenerklæringsskjema fra selger.

I følge eier/oppdragsgiver løses ikke sikringene ut ofte. Se eventuelt egenerklæringsskjema fra selger.

I følge eier/oppdragsgiver finnes det kursfortegnelse.

I følge eier/oppdragsgiver er antallet sikringer i samsvar med kursfortegnelse.

Det er ikke observert synlige tegn på termiske skader på kabler, brytere, downlights, stikkontakter eller elektrisk utstyr.

Kabler er tilstrekkelig festet.

Det er tegn på at kabelinnføringer og hull i inntak og sikringsskap er tette.

Gjer merksam på at at underteikna ikkje har fagleg kompetanse innafor elektrofaget.

Det stilles strenge krav til kompetanse for kontroll av elektriske anlegg. Det anbefales på generelt grunnlag at registrert/autorisert elektroinstallatør/kontrollør foretar kontroll av heile det elektriske anlegget.

Kontroll bør utførast etter NEK405 for å få ein god oversikt på eventuelle feil og manglar som bør utbetra. Underteikna har ikkje moglegheit til å kontrollera skjulte feil og manglar.

Elektrisk anlegg frå byggeår med kjente oppgradering mellom 2013 - 2021.

El. Anlegg: Sikringsskap/sikringar er ikkje vidare undersøkt då dette krev ein autorisert fagperson.

Det er ikkje opplyst om feil og manglar ved dagleg bruk av det elektriske anlegget.

Det er opplyst om årstal for førre tilsyn av det elektriske anlegget var i 2022. Det føreligg dokumentasjon på at tilsyn er gjennomført, samt avviksprotokoll frå dette. Ved tilsynet vart det registrert 8 forhold med TG2. Heimelshavar opplyser at desse feila/manglane er utbetra, men arbeidet er utført eigenhendig. Heimelshavar har kompetanse innafor elektrofaget, men har ikkje moglegheit til å utstede samsvarserklæring for arbeidet.

Det er framlagt samsvarserklæring frå anna arbeid med anlegget i seinare tid.

Kravet om samsvarserklæring/dokumentasjon gjeld for anlegg som er nyare enn år 1999 og for endringer utført på anlegg som er eldre enn år 1999.

Merknader:

VÆR OPPMERKSOM PÅ:**TILLEGGSSOPPLYSNINGER:****TILSTANDSGRADER:**

Ved TG 2 og TG 3 skal det opplysts om årsak og konsekvens av avviket jfr. Forskrift til avhendingslova § 2-22. Dersom konsekvens ikkje er beskrive ved slike forhold er det underliggende teksten som gjeld: 'Meirskadar til andre bygningsdeler kan vera ein konsekvens av funna som er gjort.' Der konsekvens ikkje er spesifikt omtalt, må ein rekna med at meirskadar til andre bygningsdeler kan oppstå som følge av dei registrerte avvika."

TG2 – Merknad/moderat avvik

TG2 inneber ikkje at det er akutte eller alvorlege skadar, men at det er forhold som på sikt kan medføre redusert levetid eller auka risiko for skadar dersom dei ikkje vert følgje opp. For kjøpar betyr dette at ein må rekne med vedlikehald eller utbetringar innan ein viss tidshorisont. I ytterste konsekvens kan manglende oppfølging føre til fuktskadar, svekka komfort eller behov for meir omfattande tiltak enn dersom ein handlar tidleg.

TG3 – Vesentleg avvik/alvorleg tilstand

TG3 tyder at det må pårekna utbetringar eller utskifting, og at tiltak bør gjennomførast innan kort tid for å hindre vidare skadeutvikling. Dersom slike forhold ikkje vert handtert, kan det i ytterste konsekvens føre til alvorleg forringing av bygningen, større økonomiske kostnader, eller i enkelte tilfelle sikkerheitsmessig risiko.

BRANN:

Røykvarslar: Alle bustader skal ha brannalarmanlegg eller røykvarslar. Kravet er minimum éin i kvar etasje, men det kan med fordel monterast fleire. Røykvarslar skal plasserast i himling og i etasjen sitt best eigna område for oppdaging og varsling om brann.

Slukkeutstyr: Alle bustader skal ha slukkeutstyr som husbrannslange eller brannslukningsapparat med skum eller pulver. Dersom skumapparat er einaste slukkeutstyr, må det vere på minimum 6 liter. Dersom pulverapparat er einaste slukkeutstyr, må det vere på minimum 6 kilo. Eit slukkeutstyr i kvar etasje vert anbefalt.

REKKVERK:

Rekkverket tilfredsstiller ikkje dagens krav til høgde. Fall og personskadar kan vere ein konsekvens av dei registrerte avvika.

Terrassar, trapper, ramper og liknande med høgdeforskjell på 0,5 meter eller meir til underliggende terreng/plan skal sikrast med rekksverk.

Følgjande avvik er registrert:

- Innvedig trapp har handrekke kun på ei side. Det skal vera handrekke på begge sider for å vera godkjent etter dagens forskrift.

Fall og personskadar kan vere ein konsekvens av avvika. Sjølv om avvika ikkje har tilbakeverkande kraft, krev takstforskrifta at dei vert opplyste om ved eigarskifte.

- Rekkverk på balkong og veranda er ikkje ihht. dagens krav om fallsikring.

TING Å TENKE PÅ:

Asbest hadde ein utbreid bruk frå rundt 1920 og fram til 1985 då totalforbodet av asbest i bygningsmaterial kom. Totalforbodet kom av helsemessige årsaker. Størst nytte var det i perioden etter andre verdenskrig og fram til 1980. Aktuell bustad er oppført innanfor tidsperioden. Det vil sei at det ikkje kan utelukkast at det er nytta asbesthaldige material under oppbygging, eller eventuelle oppgrederingar etter byggår. Desse materialane kan vera i bygningsplater, skjult bak bygningsplater, i røyr, kanalar, isolasjon mm. Ta kontakt med godkjent saneringsfirma ved mistanke om asbest.

ANBEFALTE YTTERLIGERE UNDERSØKELSER:

TAKSTMANNENS VURDERING VED TG2:	
1.1	Byggegrunn, fundamenter, grunnmur, drenering og sikring mot vann og fuktighet
	Tiltaka som er utført bidreg til å redusere risikoen for fuktinntrenging langs grunnmurane, men alderen på dreneringa tilseier at det framleis er ein viss risiko for fuktproblem over tid. Langsiktig må tiltak som utskifting eller full oppgradering påreknaast.
3.1	Vinduer og ytterdører
	Eldre vindauge har avgrensa levetid, og vidare slitasje må påreknaast. Særleg der det er registrert malingsflass og pakningar som ikkje lenger er like tette, kan dette på sikt føre til redusert isolasjonsevne og innntrenging av fukt. Vannstokkar med tørrsprekker kan med tida utvikle råteskadar dersom dei ikkje blir haldne ved like. Vindauge og ytterdører vurderast difor samla til TG2 med bakgrunn i alder, normal slitasje og vedlikehaldsbehov.
6.1	Balkonger, verandaer og lignende
	Ustikkande bjelkar i nordvest-balkongen kan over tid føre til fuktinntrenging og råteskadar i bjelkar og tilstøytande veggparti dersom tettinga sviktar. Sørvest-balkongen har allereie vist teikn til mindre lekkasjar, noko som aukar risikoen for skadar på både bjelkelag og underliggende konstruksjonar. Dersom slike forhold ikkje vert følgde opp, kan konsekvensen på lengre sikt bli svekt bereevne og behov for utbetringar eller utskifting av delar av konstruksjonen.
7.2.1	Bad underetasje Overflate veger og himling
	Sprekker i fuger kan over tid føre til at vatn treng gjennom og gir auka fuktbelastning på underlaget. Bom i fliser gir ein overhengande risiko for at flisene kan sprekke eller løsne. I ytterste konsekvens kan dette medføre behov for reparasjon eller utskifting av delar av flisoverflata. Regelmessig tilsyn og vedlikehald er derfor viktig for å hindre vidare skadeutvikling.
7.2.2	Bad underetasje Overflate gulv
	Sprekker i fuger og bom under fliser aukar risikoen for at fukt kan trenge ned i konstruksjonen og medføre svekking av flisfeste eller skadar på underliggende membran. Manglande oppkant på membran ved terskel og utilfredsstillande fallforhold gjer at lekkasjefatn i ytterste konsekvens kan renne ut av rommet og skade tilstøytande konstruksjonar. Desse forholda kan på sikt krevje utbetring eller rehabilitering av golvkonstruksjonen for å sikre forskriftsmessig fuktsikring.
7.2.3	Bad underetasje Membran, tettesjiktet og sluk
	Manglande dokumentasjon og bruk av eldre støypejernsluk inneber ein risiko for at membran og sluk har avgrensa restlevetid. Rust i sluket kan med tida utvikle seg og gi lekkasjar dersom det ikkje vert følt opp. I ytterste konsekvens kan dette føre til fukt-skadar i konstruksjonen. Jamnleg tilsyn med sluk og vurdering av framtidig oppgradering bør påreknaast.
7.3.3	Vaskerom Membran, tettesjiktet og sluk
	Manglande membran kombinert med eldre støypejernsluk inneber ein auka risiko for fuktinntrenging over tid. I ytterste konsekvens kan dette føre til lekkasjar eller fukt-skadar i konstruksjonen dersom overflatebehandlinga mister sin funksjon. Jamnleg tilsyn med sluk og vurdering av framtidig oppgradering til godkjent membranløysing bør påreknaast.
9.1.1	Rom under terreng Veggenes og himlingens overflater
	Sjølv om det ikkje er registrert fuktproblem på synfaringsdagen, inneber eldre drenering ein risiko for redusert funksjon over tid. Sporfilm tidlegare har indikert utfordringar med fukt og muggsopp, noko som understrekar behovet for jamnleg oppfølging. I ytterste konsekvens kan redusert dreneringsevne føre til fuktinntrenging, skadar på overflater og svekka inneklima. Oppfølging av drenering og eventuelt nye inneklimatestar bør vurderast på lengre sikt.
9.1.2	Rom under terreng Gulvets overflate
	Sjølv om goloverflatene i dag framstår som funksjonelle, inneber eldre drenering ein risiko for at fukt kan trenge inn i golvkonstruksjonen over tid. Dette kan i ytterste konsekvens føre til fukt- og råteskadar i underliggende materialar, redusert komfortnivå og behov for utbetringar. Det bør difor reknast med framtidige tiltak på drenering og mogleg oppfølging av golvkonstruksjonar nært terrengnivå.
9.1.3	Rom under terreng Fuktmåling og ventilasjon
	Veggar mot terreng er avhengige av velfungerande drenering. Svikt i eksisterande drenering kan i ytterste konsekvens medføre fuktinntrenging og skadar på konstruksjon og innvendige overflater dersom rom vert innreidde. Ventilasjonsløysinga er enkel, og utan oppgradering kan dette gi dårlig luftutskifting og auka risiko for fukt- og inneklimaproblem.
10.1	WC og innvendige vann- og avløpsrør

Eldre støypejernsrør ut av bustaden har avgrensa restlevetid. Dersom det ikkje vert utbetra innan rimeleg tid, kan ein risikere tett avløp eller lekkasjar som i ytterste konsekvens kan medføre tilbakeslag eller fuktskadar. Installert utstyr som er tilkopla før innvendig stoppekran kan vere meir utsett for lekkasjar, då utvendig stoppekran må nyttast ved stenging. Regelmessig kontroll av vannlåsar og vurdering av oppgradering av røyr ut av bustaden bør difor reknast med.